



Andreas Hundvin  
Audenbølveien 1  
1408 KRÅKSTAD

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/2740 - 19/33730

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
15.11.2019

## Svar på søknad om flytting av eksisterande avkjørsle - GBNR 56/9 Hundvin

**Tiltak:** Flytting av avkjørsle  
**Byggested:** Hundvinsvegen  
**Tiltakshavar:** Andreas Hundvin  
**Ansvarleg søker:** Andreas Hundvin

Saka gjeld søknad om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle frå **Gbnr 56/12** til **Gbnr 56/17**.

### **Saksutgreiing:**

#### Infomasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle frå Gbnr 56/12 til Gbnr 56/17. Eksisterande avkjørsle er ei driftsavkjørsle for Gbnr 56/12. Avkjørsla er uoversiktlig og kommunen har tidlegare gitt avslag på utvida bruk av denne med grunngjerving om at kommunen ikkje har heimel til fråvike krav til sikt. Eigar av veg har også gitt tilbakemelding til kommunen om at dei ikkje ønsker meir trafikk på vegstrekning som går forbi bustaden.

#### Vurdering/drøfting:

Eigar av gbnr 56/9 søker no om å få flytte eksisterande avkjørsle frå Gbnr 56/12 til Gbnr 56/17. Flytting av avkjørsle vil gje betre siktforhold mot kommunal veg. Etter det kommunen forstår har Gbnr 56/9, i ei jordskiftedom, fått vegrett over Gbnr 56/12. Avkjørsle frå kommunal veg ønskes etablert frå kommunal veg på Gbnr 56/17. Det ligg, per i dags dato, ikkje føre slik vegrett over Gbnr 56/17. Før etablering av avkjørsle må slik vegrett sikrast.

#### Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til å flytte eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår:

#### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til å flytte eksisterande avkjørsle på vilkår. Avkjørsle vert godkjent for 1 bueining på gbnr 56/9 og på følgjande vilkår:



- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsel fra offentlig veg», Veglova § 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt veginivå. Høgde gjeld også for alle typer sikthindringar (gjerde, hekk og anna vegetasjon). Siktsoner skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/brukar av avkjørsle.
- Løyve tek ikkje stilling til privatrettslege forhold. Før oppstart av arbeid skal alle privatrettslege forhold være på plass. Tiltaket er også søknadsliktig etter plan og bygningslova og det skal ligge føre løyve etter plan og bygningslova.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav til avkjørsle finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)
- Eksisterande avkjørsle skal berre nyttast som driftsavkjørsle for Gbnr 56/12. Eigar av Gbnr 56/12 kan setje opp ei grind for å hindre at veg forbi bustad vert nytta som gjennomkjøringsveg.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høye til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

#### Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Situasjonskart avkjørsle gbnr 56-9

#### Mottakarar:

Andreas Hundvin

Audenbølveien 1 1408

KRÅKSTAD

